



Foto: Thomas de Lange Wenneck

2.4.3 LODDE VED ISLAND–AUST-GRØNLAND–JAN MAYEN

Sigurd Tjelmeland

sigurd.tjelmeland@imr.no

► Status og råd

Denne bestanden låg på eit høgt nivå i perioden 1977–2003, med ein total årleg gjennomsnittsfangst nær 1 million tonn,

men er no redusert. Rekrutteringa, som var god fram til 2004, har også gått ned (Figur 2.4.3.1).

Bestandsvurderinga skjer på grunnlag av tre tokt i august, oktober–november og januar. Det betyr at vi ved starten av

fiskesesongen, som startar i juli og varer til gytinga i februar, ikkje har eit fullstendig bilete av bestanden. Det blir derfor nytta modellar til å framskrive bestanden, og det blir gjeve ein førebels kvote (2/3 av anteken endeleg kvote) basert på denne framskrivinga. Kvoten blir så justert når







Foto: Elena Eriksen

resultata frå undersøkingane om hausten og vinteren er tilgjengelege.

Fiskeri

Loddefisket ved Island, Aust-Grønland og Jan Mayen vert i hovudsak drive med ringnot. Det vert rekna som eit berekraftig fiske, fordi ein let det vere att 400 000 tonn lodde som får gyte. Heile totalkvoten for sesongen 2006/2007 vart fiska opp, og den totale fangsten var på 377 000 tonn. Av dette fiska norske fartøy 38 000 tonn. Utanom Island og Noreg tek Færøyane (19 000 tonn i 2006/2007) og Grønland (13 000 tonn i 2006/2007) del i fisket. Tradisjonelt sett er det i sommar- og haustsesongen det meste av den norske fangsten vert teken, og i mange år har den vore høgare enn 100 000 tonn. 2005 var det første året med null fangst sidan 1991. På det meste har norske fartøy fiska i overkant av 200 000 tonn totalt over vinter-, sommar- og haustseson-

gen (Figur 2.4.3.2). Dei to siste sesongane har det berre vore fiska om vinteren.

Ein førebels kvote for 2007/2008-sesongen er sett til 205 000 tonn.

Capelin

The capelin stock in the Iceland–East Greenland–Jan Mayen area has been at a relatively high, stable level for several years. This stock is regulated with a target escapement strategy, leaving 400,000 tonnes to spawn. The management year starts on 1 July. Preliminary quotas are set after acoustic surveys in the autumn, and they may increase if winter surveys during the spawning migration indicate higher stock levels. The total quota and catch for 2006–2007 was 377,000 tonnes.

Lodde

Mallotus villosus

Andre norske navn: Hannfisk kalles faks-lodde og hofisk sil-lodde

Familie: Loddefamilien (Osmeridae)

Maks størrelse: Sjeldan over 20 cm

Levetid: 5 år

Leveområde: Vest og nord av Island, inn mot Grønland og Jan Mayen

Hovedgyteområde: Langs sør- og vestkysten av Island

Gytetidspunkt: Mars

Føde: Plankton

Særtrekk: Namnet har lodda fått fordi hannen får ei stripe av hårete skjel langs sida i gytetida

Nøkkeltal:

FØREBELS KVOTE 2007/2008: 205 000 tonn

KVOTERÅD 2007/2008: 205 000 tonn

KVOTERÅD 2006/2007: 360 000 tonn

KVOTE 2006/2007: 385 000 tonn

TOTALFANGST 2006/2007: 377 000 tonn,

norsk: 38 000 tonn

NORSK FANGSTVERDI 2007: 95 mill. kroner



Fakta om bestanden

Gyteområda er på sør- og vestkysten av Island, og oppvekstområdet er vest og nord av Island. Områda mellom Nord-Island, Grønland og Jan Mayen er beiteområde. Lodda vert kjønnsmoden ved ein alder på 3–4 år. Den blir sjeldan meir enn 20 cm lang og eldre enn 5 år. Namnet har lodda fått fordi hannen får ei stripe av hårete skjel langs sida i gytetida, då vert den gjerne kalla faks-lodde. Hoa har ikkje ei slik stripe og vert kalla sil-lodde. Det meste

av lodda døyr etter å ha gytt. Lodda gyter egga på botnen, og egga limer seg fast til sand og grus. Dei klekker etter om lag ein månad, og larvene driv med klokka rundt Island. Før ho er 10–12 cm lang et lodda mest raudåte, men krill vert ein viktigare del av dietten jo større lodda vert. Rekrutteringa vert påverka av svingingar i klimaet, men også av predasjon frå torsk, annan fisk, kval og fugl. Lodda betyr mykje for vekst og reproduksjon i torskebestanden.